



Vegleiar for samtale rundt ressursjukepleiarfunksjonen saman med leiar
Ressursjukepleiar sine oppgåver og ansvar saman med leiar

1. Klinisk verksemd på arbeidsplassen

Kva for forventningar har leiar til ressursjukepleiar?

Kva for forventningar har ressursjukepleiar?

Har ressursjukepleiar oversikt over aktuelle pasientar i eiga avdeling/soner? Dersom ikkje, er det ønskjeleg eller mogeleg å få dette til?

Bruker ressursjukepleiar rolla si til rettleiing, erfaringsutveksling med kollegaer? Vert det sett av tid til dette? Korleis vert det ev. praktisert?

I kva grad har leiar og ressursjukepleiar fått utarbeidd gode rutinar for oppfølging og pleie av pasientar som treng lindrande behandling, på arbeidsplassen sin? (Flytskjema/sjekklistar)

Korleis er rutinane rundt bruk av ESAS-r hos pasientar som får lindrande behandling, og fungerer desse?

Korleis er rutinane rundt bruk av individuell plan til palliative pasientar, og fungerer desse? Ved manglande rutinar, korleis ser ein at ein kan innføre dette på arbeidsplassen?

2. Samhandling og systemarbeid

Har avdelinga/sonen gode rutinar for samarbeid og samhandling som sikrar pasienten kontinuitet og samanheng i behandlingstilbodet?

Korleis kan ressursjukepleiar bidra i samhandlinga?

Har ressursjukepleiar og leiar oversikt over tilbod om kreftomsorg og lindrande behandling? Ev. korleis kan ein streve etter dette?

Vert ressursjukepleiaren nytta som kontaktperson for palliativt team? Eller andre tverrfaglege instansar?

3. Kompetanseheving

Er det aktuelt for ressursjukepleiaren å utvikle kompetansen sin innan kreftomsorg og lindrande behandling utover det å delta i nettverket? Korleis gjere dette?

Bidrar ressursjukepleiar med internundervisning innan kreftomsorg og lindrande behandling, til dømes med korte «snuttar» med viktige poeng etter samlingar i nettverket? Korleis kan leiar legge til rette for at dette blir gjennomført?

Tar ressursjukalear del i felles og lokale samlingar i nettverket? Korleis kan ressursjukalear i lag med sin leiar sikre at dette vert gjennomført? Vert det gitt melding til leiar i god tid før planlagde møter i nettverket?

Har ressursjukalear fokus på satsingsområda som vert tatt opp på nettverksmøta? Korleis kan ressursjukalear i lag med sin leiar sikre at dette vert gjennomført?

Kva for oppgåver skal prioriterast i ressursjukalear sitt arbeid i det kommande året/halvåret?

Eventuelt.